

# Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 4

Arna April 1971

4. årgang

## Ungdomssong

«Maria», sa Judas, «kva tek du deg til,  
som øyder bort salven din slik?»  
«Eg heller han yver min Frelsar sin fot,  
og eg turkar han bort med mitt hår», ho sa,  
«og eg turkar han bort med mitt hår».

«Maria, Maria, den kunde du selt  
og mangder av pengar ha fått  
Du kunde kjøpt klede, du kunde kjøpt mat  
for å gje det til fatigfolk bort», han sa,  
«for å gje det til fatigfolk bort».

«I morgon, i morgon eg tenkjer på dei,  
i dag har eg Frelsaren her.  
Kven veit når eg atter får honom å sjå.  
No eg honom min kjærleik vil te,» ho sa,  
«no eg honom min kjærleik vil te».

«Maria», sa Jesus, «di gjerning var god.  
Til gravferd du vilde meg bu.  
So langt evangeliet rekk på vår jord,  
skal dei minnast di gjerning og deg», han sa.  
«skal dei minnast di gjerning og deg.»

«De veit kvar eg finst, de skal søkja meg der.  
Hjá den som er frosen og sjuk,  
blandt heimlause, svoltne og fangar eg er.  
De kan sjå og kan tena meg der,» han sa,  
«de kan sjå og kan tena meg der.»

Svensk ungdomssong, umsett av Eirik Skjerve.

## Tekst Joh. 10, 1-10

Når eg les dette tekststykke, ser eg for meg eit gjerde fullt med sauer. Sauehald var vanleg på Jesu tid. Folk levde av dyra sine. Dei hadde store saueflokkar, og ein gjetar passa på dei. Gjetaren førde sauene ut til beite om dagen og attende til inngjerde om kvelden. Det var ikkje trygt å lata sauene liggja utanfor inngjerdet om natta. Rovdyr luska omkring og leita etter høveleg bytte.

Gjetaren går inn til saueflokken gjennom porten. Vaktaren kjenner han og slepper han inn. Og dyra kjenner gjetaren på røysta. Difor fylgjer dei etter han når han fører dei ut til beitemarkene.

Tjuven går ikkje inn gjennom døra. Vaktmannen kjenner han ikkje og vil ikkje sleppa han inn. Tjuven går over gjerdet. Han kallar på sauene, men dei vil ikkje følgja han. Dei kjenner ikkje røysta hans.

Slik er likninga Jesus her fortel. Men folk skjønna ikkje kva han meinte med dette bilete — noko kan henda du heller ikkje gjer. Så forklarar Jesus likninga for dei — og oss.

Det er ei åndeleg sanning han vil læra folket gjennom det han no har fortalt. Difor går han no bort frå det konkrete bilete og over til det åndelege. Sauene i inngjerde er Guds born på jord, — dei som er komne i barneforhold hos Gud. Desse er komne inn



i dette forholdet ved å gå inn gjennom døra — Jesus Kristus. «Eg er døra», seier Jesus. Det same seier han ein anna gong slik: «Eg er vegen sanninga og livet, ingen kjem til Faderen utan ved meg». Her er vi ved eit hovudpoeng: Veggen inn til samfunn med Gud går gjennom Jesus Kristus. Og — det finst berre *ein* veg. Vil du nå innanfor himmelporten når livet ditt ein dag tek slutt her på jord, kjem du ikkje utanom Jesus Kristus!

«Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr». Joh. 11,25.

«Det er ikkje frelse i nokon annan, for det finst ikkje heller noko anna namn under himmelen som er gjeve mellom menneske såleis at vi skal verta frelst ved det». Ap. 4,12.

Det finst mykje religiøsitet i vår tid. Folk har ei «Gud-Fader tru». Dei reknar Gud er ein snill bestefar. Han vil nok sjå i nåde til dei når livsdagen deira tek slutt. Dei er då bra menneske. Og det lyt seiast: I det ytre finst her mange bra menneske i Arna. Men på den siste dag spør det ikkje etter kor bra vi har vore i livet. Då spør det berre etter om vi har gått inn gjennom døra og lever i samfunn med Jesus Kristus.

«Eg er då døypt», seier du. Ja, katekisma lærer: Dåpen verkar forlating for syndene, frelser frå døden og djevelen og gjev æveleg sæle til alle som trur. — Difor ber vi og borna våre til dåpen for at dei skal verta Guds born. Men dåpsattesten vår må ikkje verta noko sovepute for oss. Du er ikkje utan vidare eit Guds barn i dag, enn om du er døypt. Du er eit Guds barn i dag berre så langt fram du sjølv vil høyra han til i dag. Og vil du det, da eig du trang til å møte Jesus i bøn, i Ordet, i samfunnet av dei heilage og i nattverden. Da eig du trang til å leva livet til ære for han som har frelst deg.

Kanskje sit du no og veit med deg sjølv

at du ikkje har gått inn gjennom døra, — at du ikkje lever i samfunn med Jesus Kristus. Da skulle du straks søkja til han som er vegen, sanninga og livet. Han ventar deg og vil taka imot deg. Når du så kjem for deg sjølv så tak fram Bibelen din og les, og søk i lag med andre truande.

Dei unge konfirmantane er heldige. Ved konfirmasjonen får dei på nytt gjeva seg til Jesus Kristus. Vi burde alle vera konfirmantar, i dag og kvar dag, og innvia livet vårt til Jesus Kristus.

Det eg no har tatt fram, er ikkje hovudpoenget i teksten. Det er dette: Jesus syner oss kven som er rette åndelege leiarar. Det er ikkje han som for eiga vinning skuld stiller seg fram for å verta sett opp til. Den rette åndelege leiaren er han som sjølv har gått inn gjennom døra, som sjølv har bruk for Jesus Kristus. Berre han kjennest saue- ne ved og fylgjer etter.

Eit poeng til ettertanke for alle foreldre ligg her: Du er sett til å vera leiar for borna dine. Korleis skal du verta ein rett åndeleg leiar for dei? Dersom du sjølv går inn gjennom døra. Det kviler eit stor ansvar på alle foreldre nettopp her. Vi kan røma unna ansvaret vårt, men ikkje utan at det får fylgjer for andre. «Korleis kan ein blind leia ein blind», seier Jesus, «Fell dei ikkje i grøfta bae to». Luk. 6,39.

Lat oss gå til Jesus Kristus. Og han vil hjelpe oss til å verta rette åndeleg leiarar!

Eg vil ta med også eit tredje poeng frå teksten. Vi finn det i vers 10. Her vert to program stilte opp framfor oss. Det eine er tjuven, djevelen, sitt program. Det han vil, er å stela, slakta og øyda. Vel vi å fylgja etter han i livet kan det nok sjå fint ut, men målet hans er som nemnt her. «Synda si løn er døden», sa Jesus ein anna gong om det same.

Men her vert også Jesus sitt program nemnt. Og legg merke til det: «Eg er ko-

men for dei skal ha liv og ha nøgda». Jesus vil gjeva alle som tek imot han, det aller beste i livet. Livet vårt får ei meining. Vi veit kvifor vi lever: For å æra Herren vår! Og vi får eit mål å sjå fram mot: himmelen.

Lat oss så summera opp dei poenga vi har teke med frå teksten:

1. Jesus er døra inn til samfunn med Gud.
2. Dei rette åndelege leiarane har sjølv gått inn gjennom døra.
3. Djevelen sitt program er «å slakta å øyda».

Jesus sitt program er å gjeva livet vårt meining og mål.

— Kven vel så du å fylgja etter i livet?

H. H.

## Den nye konfirmantordninga

I 1969 vart det innført ein ny skipnad for konfirmantførebuinga i Arna sokn. Vedtak om nyordning vart gjort på soknemøte 1. juni og seinare godkjent av biskopen i Bjørgvin. Nyordninga vart gjort gjeldande frå hausten same året.

Kva innebar nyordninga? Konfirmantførebuinga skulle no ta til om hausten samstundes med skulen. Lesinga skulle gå parallelt med skulen fram til konfirmasjonen april/mai. Ein Normalplan utarbeidd av kyrkja sitt konfirmasjonsutval skulle leggjast til grunn for undervisninga.

No synte det seg å vera visse vanskar med å gjennomføra denne nyordninga da det ikkje er samsvar mellom gjeldande konfirmantlov og skulelov. Ein fekk likevel til ei løysing på dette som bae partar godkjende.

Same året som nyordninga for konfirmantlesinga vart innført i Arna, hadde lærar Harald Haugsvær vorte kalla til å gjera teneste som deltidskateket i Arna sokn. I samarbeid med soknepresten skulle han ta sin del av konfirmantførebuinga.


Korleis har så nyordninga verka? Inten- sjonen var at nyordninga skulle verka fornyande på kyrkja si konfirmantførebuing. Det skulle ikkje vera ein dom over «det gamle», men vera ein freistnad på å ta i bruk meir moderne undervisningsformer slik at førebuinga meir vart i samsvar med vår tid både pedagogisk og metodisk. Den felles undervisning i klasse er framleis det primære. Her vert sentrale deler av vår kistne barnelærdom gjennomgått. For å aktivisera dei unge, har ein nytta eit arbeidsopplegg utgitt av Institutt for kristen oppseding (IKO) «Konfirmanten i arbeid». Her får konfirmanten skriva ned viktige ting i samband med gjennomgåinga. Ein legg stor vekt på å læra dei unge å finna fram i sitt eige Nytestamente. Nytestamente får kvar utlevert i byrjinga av konfirmantåret. Det er ei gæve frå kyrkjelyden. I tillegg til klasseundervisninga i skulen, tek konfirmantane del ved eit visst antal gudstenester/møte. På denne måten vil ein gi dei innføring i den funksjonerande kyrkja. Dei må få oppleve at dei høyrer heime i den kristne kyrkja på jord, og da er det ikkje nok berre å kjenna til dette reint teoretisk. Dei må også få erfare det heilage samfunnet kyrkja vil gi.

I tillegg til samvera i kyrkja vert det lagt til rette for konfirmantane såleis at dei får ta del i eit kristent ungdomsmiljø. Også det er av stort verde. Her vert kontakten mellom dei unge og ungdomsleiarane knytta. Mange ungdomsleiarar har lagt ned eit verdifullt arbeid for at dei unge skal kjenna seg heime i eit kristent ungdomsmiljø.

Har så nyordninga svart til forventningane? Det er det vel kanskje vel tidleg å vurdere enno. Den har i alle fall vekt fleire til større ansvar for konfirmantane enn kva som var vanleg før. Konfirmantførebuinga er ikkje lenger berre presten sitt ansvar, men heile kyrkjelyden sitt ansvar.



## Konfirmantar i Arna kyrkje 25. april og 2. mai



25. april 1971.

Geir Aksdal, Geir Borge, Erik Bratland, Jan Magne Edland, Aksel Eriksen, Bjørn Eriksen, Atle Flatås, Thor Frotjold, Frode Garmannslund, Alf Gjerstad, Magne Gjerstad, Erik Hage, Inge Haldorsen, Stig Hammersland, Audun Hasti, Geir Inge Haugland, Egil Kjølraug, Ove Kvalvåg, Trond Løvaas, Jostein Minde, Arild Opheim, Jan Erik Reknes, Rune Rosenvinge, Odd Arne Sagosen, Bent Rune Skulstad, Robin Soltvedt, Terje Steinsund, Jan Rune Sunde, Edvin Sørstrønen, Ove Taranger.

Astrid Askeland, Karen Berge, Torunn Bjørndal, Anita Iren Bjørnøy, Astrid Blomdal, Rita Eilertsen, Liv Gripsgård, Sissel Johannesen, Bente Listheim, Eldbjørg Mjelde, Jane Overgård, Oddveig Rødberg, Ingunn Samuelsen, Signe Solheim, Torild Selle, Gro Stien, Inger-Marie Thunestvedt, Anne-Berit Unneland, Elin Vatile.

2. mai 1971.

Erling Njål Arnesen, Leif Johnny Boge-tveit, Asle Bratholmen, Vidar Bruvik, Egill Bragi Eide, Ole Jakob Eide, Bent Ragnar Eri, Kåre Eriksson, Bjørn Terje Farsund, Vidar Grindheim, Frank Hansen, Kent Holmefjord, Terje Hope, Bjarne Juvik, Trond Kleiveland, Bjørn Kvammen, Tor Einar Kvandal, Age Mjelde, Atle Hugo Mjell, Arnstein Natland, Thomas Bergem Reistad, Arne Repål, Arne Rogne, Jan Sveinung Rødland, Svein Sigurdsson, Knut Jarle Skjelbreid, Per Jonny Strømmen, Sverre Strømmen, Geir Erik Støle,

Ingrid Johanne Garnes, Kjersti Grindheim, Torill Knutsen, Reidun Loven, Liv Løvaas, Tone Rolland, Marit Solhaug, Wenche Thomsen, Elisabeth Thunestveit, Anne Margrethe Asheim.

*Bøn for konfirmantane 1971.*

*Kyrie eleison. Herre Krist miskunna du oss. (M.k. 10,17).*

## Tilbod til unge konfirmantar

Som nemnt annan stad i bladet, er det teke med som ein del av konfirmantførebu- inga at dei unge tek del i eit kristent ungdomsmiljø. Vi har vendt oss til nokre av dei laga som konfirmantane har vorte viste til. Først vitja vi leiaren for ungdomsklubben «Treffen», Trygve Helge Kleppestø for å spørja han litt ut om det arbeidet han er med i. Kleppestø er førstelærer ved Garnes ungdomsskule og såleis ein svært opp- teken mann, men vi vert godt mottekne då vi kjem. Jau, det er rett at eg er hovud- leiar for ungdomsklubben Treffen, seier han da vi spør om det er så. Kven står bak og driv denne klubben? Treffen står under Arna sokneråd. Han står dessutan tilslutta Norges kristelege ungdomsforbund. Dette siste gjer at vi får ta mot mykje god hjelp frå ungdomsforbundet som driv svært ak- tivt, ikkje minst i Bergen. Kor lenge har de drive med denne klubben? Treffen vart skipa i 1967 og er såleis 4 år gamal. Vi held til på paviljongen på Indre Arna skule. Her har vi vore så heldige å få vera heilt sia starten. Kvifor driv de ungdomsklubb? For å kalla ungdomen i Arna til Kristus. Dessutan ønskjer vi å skapa eit friskt, po- sitivt ungdomsmiljø der dei unge trivest. Arbeidet vert lagt opp etter ungdomsfor- bundet sine linjer. Kva har de så å by un- domen på møta dykkar? Det viktigaste er andakt. Gjennom ho ønskjer vi å presen- tera den kristne budskapen for medlemene våre på ein slik måte at dei skjønar det vedkjem dei. Dette er ikkje lett, og vi er fullt klår over at ungdomen i dag krev meir enn vi gjorde da vi var unge. Korleis har så dei unge teke imot det de har hatt å by fram for dei? Litt ulikt. Her lyt vi nok ta inn over oss at vi ikkje alltid har makta å laga så gode program som vi gjerne ville. Men stort sett kan vi vel seia at det vi har

hatt å by dei unge, har vorte godt motteke. Vi trur sjølve at vi har makta å skapa eit sunt, kristent ungdomsmiljø som ikkje har vore før. Kjem ungdomen på møta dykkar? Ja, det kan vi seia sjølv om framføta nok har variert noko. Særleg om hausten er det mange som kjem. Da har vi hatt eit med- lemstal på opp mot 120, medan det jamne tal ligg mellom 80 og 90. I vårsemesteret er medlemstalet noko mindre, men dette heng noko saman med at det generelt er van- skelegare å samla til fellesarrangement i denne del av året. Korleis er klubben orga- nisert? Han har sitt eige styre samansett av dei unge sjølve. Vaksne leiarar vert dreg- ne inn i arbeidet i den mon dei unge sjølve ønskjer det. Har den nye konfirmantord- ninga verka positivt på klubben slik at de av den grunn har fått fleire medlemmer? Ja, så absolutt. Og dette er vi svært glade for. Kva har de så å by konfirmantane i den næraste framtid? Da vil eg få visa til programmet for vårsemesteret. Det er no kome frå trykkeriet. Særleg kan eg nemna konfirmantfesten som skal vera den 16. mai. Ungdomsnemnda står ansvarleg for den festen, men vi skal støtta til. Den 17. mai om kvelden vert vi med på stort ten- åringsparty i Landåshallen i Bergen. Elles vil eg nemna sommarleiren vi skal ha 21.— 27. juni. Programmet elles er det gjort greie for i det trykte programmet. Da vi veit at dei unge gjene vil ha eit tilbod som høver for kvart alderssteg, kan vi ikkje dy oss for å spørja om Treffen har noko tilbod for konfirmantane til neste år. Jau, det har vi, seier Kleppestø. Treffen 2 er for ungdom- mar som er konfirmerte. Her legg vi vekt på å skapa eit miljø der dei unge sjølve meir kan koma til ordet i samtalegrupper. Sær- leg vil vi innby til å bli med i bibelgruppe- ne våre. Desse har vi hatt i heimane hos



ungdomsleiarar, og mange ungdomar har funne vegen også til desse. Da arbeidet i Treffnen har vore drive i fire år, er vi interessert i å vita kvar erfaring klubben har hausta i desse åra. Vi har for det første erfart at det er stor trong hos vår tids unge til å vera ein stad der dei kan koma saman med jamnaldringar, koma med sine problem og meiningar. Erfaringane viser også at vår tids unge har eit stort religiøst behov. Dei er på leitning etter eit fast haldepunkt i tilveret. Og nett her er det vi har det kristne alternativ å by dei. Har klubben nye planar for framtida? Nei, nye revolusjonære idear for arbeidet har vi ikkje tenkt på. Men vi vil alltid vera vakne for nye idear og impulsar, noko som alltid vil vera naudsynt i eit ungdomsarbeid. Og så til slutt Klepppestø: Har du ei særleg helsing til konfirmantane dette året? Mitt største ønskje og mi inderlege bøn er at konfirmantane må ha fått med seg noko gjennom konfirmantåret som dei ikkje må vera ferdige med konfirmasjonssøndagen. Noko dei kan leva vidare på, ja, til og med dø på, sluttar ungdomsleiar Klepppestø.

Bladet har også vitja Y.A. laget i «Betania» på Lone. Her stikk vi innom straks etter eit Y.A.-møte og råkar på ein flokk ungdomar ivrig opptekne med å rydda opp etter kveldens møte. Vi finn også formannen for laget mellom dei unge. Det er unge fru Aud Hindenes, husmor og sjukesøster. Også her vert vi vel mottekne da vi ber om ein liten prat om arbeidet. «Betania Y.A.» heiter laget vårt, seier fru Hindenes, og det er ikkje av ny dato. Laget vart skipa i 1942 så vi kan snart feira 30-års jubileum. Laget står under Betania ungdomsforeining som igjen er ei foreining under Nordhordland indremisjon. Held de alltid til her i bedehuset på Lone? spør vi. Ja, og no har vi fått eige rom her i kjellaren, seier formannen og ser seg stilt rundt i det trivelege loka-

let. Og vi kan berre vera einige: Det er ikkje å undrast at ungdomen likar seg her. Kvi for Y.A.? spør vi. Å syna dei unge vegen til Jesus Kristus og frelsa i han er det primære mål for arbeidet vårt. Men vi vil også gjennom samvera våre skapa eit kristent miljø for dei unge. Vi har difor i tillegg til møta her på bedehuset også turar, weekendar og leirar. Dette er med å sveisa oss betre saman. Korleis legg de opp møta dykkar? spør vi. Vi skifter mellom to møteformer. Annakvart møte har ein heller fast møteform. Da har vi ofte talarar som held bibeltimar om aktuelle emne eller vi har misjonsmøte med lysbilette eller film. Neste møtekveld er møteforma meir fleksibel. Da startar vi gjerne tidlegare på kvelden og set fram spel som dei unge kan sitja å morroa seg med. Vi har og konkurranser og gruppeleikar. Desse kveldane sel vi brus og pølser. Kvelden vert så avslutta med ein meir avorleg del der forkynning av Guds ord er det viktigaste. Desse meir uformelle møtekveldane har fått namnet «Y.A.-treffnen», og dei har slått godt an hos dei unge. Korleis er det med frammmøte? Det har nok variert noko. Størst er det på «treff-kveldane». Oftast ligg det på mellom 10 og 20. Kva røymsler har de gjort i arbeidet i den seinste tid? spør vi. Når det gjeld møteforma, har vi røynt at dei unge vil ha ei friare møteform enn vi var vane med i vår tid. Vi har elles røynt at ungdomen er mottakelege for Guds ords forkynning, og det er vi svært glade for. Særlege arrangement i næraste framtid? Utanom dei faste møtekveldane våre kvar fredag, vil eg da nemna konfirmantfesten 8. mai, Y.A.-stemne 22. mai, leirkveld 30. april og jonsokbålet 23. juni. Ei særleg helsing til årets konfirmantar? Ja, seier formannen for Betania Y.A.: Skriv at dei unge først av at må søkja Guds rike! og det er vi einige med henne i.

H. H.

## Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ. Eg sel og stålrøyrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ frå Ferro Stålundustri

**MAGNUS BORGE**

5233 Haukeland Telefon 40021

## Barnehage i Indre Arna

Behovet for barnehage i Indre Arna har vokset i takt med den store innflytningen til kommunen i de siste årene.

I planene for bedehuset som bygges på Rognebakken er der innarbeidet plass for barnehage som Arna sokneråd har påtatt seg å drive. Arbeidet med byggingen vil i den nærmeste tid gå raskt fremover, og en må derfor nå for alvor begynne å tenke på innredning og utstyr. Til dette regner soknerådet med at der må skaffes til veie endel penger. En komite som skal ta seg av dette har vært i arbeid en tid og har bl.a. arrangert et loppemarked som innbragte ca. kr. 1700,—. Men dette er bare et stykke på vei.

For å nå alle dem som sikkert er interessert i å arbeide for barnehagesaken, vil der den 4. mai bli arrangert et møte i håndarbeidssalen ved Indre Arna skole. Soknerådets formann vil orientere om hvor langt byggeplanene er kommet og der vil bli vist lysbilleder fra dagliglivet i en barnehage. Møtet vil bli arrangert sammen med «Unge Hjem» i Arna.

Altså: Tisdag den 4. mai kl. 20.00 møtes vi på Indre Arna skole.

## Er du fri?

Alle unge menneske ynskjer å vera frie. Dei vil ikkje vera bundne av noko eller nokon. Men kanskje du har oppdaga at slik fridom finst ikkje. Vi er alltid bundne av noko. Det som gjer oss ufrie, er at vi ofte er bundne av negative krefter. Vi er bundne av vår eigen egoistiske vilje. Fridom er å vera bunden til det beste — til det vi er skapt til å vera bunden av. Og Bibelen fortel oss at vi er skapt til å vera bundne til Gud. I staden er vi bundne av synda. Jesus Kristus er difor den einaste som kan gjera oss verkeleg frie. Han kan løysa oss frå syndekreftene. Han tilgjev oss vår synd, og vi får — nett slik vi er — lov å verta bundne til Gud sjølv.

Ein kristen er ikkje bunden av tusen lovreglar. Han er fri til å finna si eiga livsform. Han er komen i sitt rette element. Som fisken høyrer til i vatnet, så høyrer mennesket til i samfunn med Gud. Den kristne brukar difor fridomen sin i teneste for sin Herre og sine medmenneske:

«For de, brødr, vart kalla til fridom, bruk berre ikkje fridomen til påskot for den syndige naturen! Ten kvarandre i kjærleik! Gal. 5,13. Til ettertanke: Har du denne fridomen?»

H. H.

## J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.



**ALT I  
GRAV-  
MONUMENTER**

**Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
Telefon 40809 — Espeland

**STØRRE BARNETRYGD**

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad  
La pengane gå direkte inn på konto i  
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken  
kva kontotype som passar best.  
Pengane står alltid til disposisjon.  
Rente opp til 5 pst. p.a.

**ARNA PRIVATBANK**

**SPAREBANKEN —**

**Banken for innskytarane**

er skipa for å stå til teneste for  
Dykk, og vi ville gjerne at De kom  
innom banken slik at vi kunne fortelje  
Dykk korleis De kan nytte denne ten-  
esta. **Velkomen i banken**

**HAUS SPAREBANK**

Alt i bøker, papir, gramo-  
fonplater og leiker får De  
hos

**F. BEYER**

**Bok og papirhandel  
Indre Arna**

**I min forretning**

finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp



**5260 Indre Arna — Tlf. 40496**

**Vakre blomar frå**

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes  
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**Preikelista**

Konfirmasjonsdagane i Arna vert 25. april og 2. mai.

**4. sundag e. p. 9. mai:**

Preik i Arna kyrkja ved soknepresten. Nattverd.

Konfirmantfesten i år vert 16. mai

på Garnes Ungdomsskule. Pastor Johannes Valle  
vert med kl. 18.00.

**17. mai:**

Barnegudsteneste i Arna kyrkja kl. 11.00.

Espelandshallen kl. 10.00.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —

**Vår mann i Arna  
KÅRE FYLLINGEN**

har forsikring som yrke. Han kan  
alt i forsikring. og står til teneste  
med råd og veiledning

**Storebrand og Idun**

Adresse: Stølsv. 100 B  
5260 INDRE ARNA